

Notat vedkommande arbeid med eventuell Grønbok for europeiske fjellregionar

Til politisk forum for fjellregionsamarbeidet

Kva er ei grønbook

Eit dokument som skal starte debatt og ein innspelsfase på europeisk nivå om eit spesielt tema. Ei Grønbok skal presentere ei rekke idear og er meint å invitere til innspel frå einskilde personar eller organisasjonar. Oppfølginga er eit kvitbok som er offisielle forslag til vedtak/direktiv/lovvar i kommisjonen. Vert ofte samanlikna med norsk NOU.

Grønbok om Maritim politikk som referanse:

- Svært grundig arbeid av EU samanlikna med andre grønbooker
- [Norsk fråsegn](#) på europaportalen til UD
- Regien på Norsk side: UD
- Det regionalpolitiske: Tett samarbeid mellom Odd Godal (KRD) og Sverre Mauritzen (Vestlandsrådet)

Korleis er saksgangen for arbeidet med ei grønbook i kommisjonen

Naturleg å lære av prosessen for utvikling av maritim grønbook

Førebuaende møter
Identifisere problem og utfordringar
Tekniske workshops

Høyringsrunde

Fasen før vedtak om Grønbok:

Ei Grønbok for europeiske fjellregionar er ikkje teke inn i kommisjonen sitt arbeidsprogram for 2008. Likevel ser Euromontana gode sjansar for å få grønboka med i arbeidsprogrammet på andre måtar. Dette vil vere ein viktig milepel for Grønboka.

Barroso går av i 2009 og det er viktig å få beslutning om Grønboka før sommarferien (vurdering frå Euromontana), elles risikerer ein å falle mellom to stolar når nye personar kjem inn.

Administrasjonen i KRD er i full gang med å førebu at Danuta Hubner til Norge i juni invitert av Åslaug Haga. Dette er eit høve for direkte kontakt på høgste nivå som vi må forhalde oss til.

Det er usikkerheit i Euromontana (tf 14/5) om det vert teke positiv beslutning om å sette i gang eit grønbokarbeid på fjellregionpolitikk. Alternativt er det sagt at fjellregionane sin

situasjon og fjellregionpolitikk kan bli "framheva" tema i neste rapport om Territoriell Kohesjon.

Strategi i høve beslutninga om grønbok:

- Frå norsk side er grønbokarbeid mykje meir inkluderande enn arbeidet med EU rapportar om territoriell kohesjon. Ein grønbokprosess er klart å foretrekke.
- Dersom det ikkje vert ei grønbok, så vil truleg eit aktivt lobbyarbeid kunne føre til at tema fjellregionar får ein framtrедande plass i neste rapport om territoriell kohesjon.
- Også beslutning om arbeid med rapport om territoriell kohesjon vert teke før sommarferien (Kjelde: Euromontana)

Nasjonal forankring:

I Europapolitisk forum den 14.03.07 vart ei grønbok for fjellregionane drøfta.

Frå referat: *"Nylig var det et såkalt "subrosa"-seminar i Brussel kor ein starta opp prosessen med grønboka. Dette er ein arbeidsmåte ein har god erfaring med frå arbeidet med differensiert arbeidsgivaravgift. Miljø og bygdeutvikling vil være hovudfokus. Viktig å knytte dette til norsk fjellpolitikk." (...)* *"Det vert forventat at norske regionar deltek aktivt i dette arbeidet, ut frå mål om å være pådrivar i dette arbeidet samt at det er viktig med konkrete tiltak frå fjellkommunane."*

Regionalt forankringsarbeid;:

- Politisk forum (som har bedt om notatet du les no)
- Vestlandsrådet (tema er ført opp som arbeidstema for diskusjon i junimøtet i VR)
- Østlandssamarbeidet?

Lobby

- Politisk forum bør organisere lobbyarbeidet.
 - Målgruppe norske styresmakter; nøkkelpersonar administrativt Skjerpen & Edøy og politisk Åslaug Haga.
- Kanalar mellom norske og europeiske regional-politikarar i fjellregionar:
 - Tor Bremer; visepresident i Euromontana.
 - Aksel Hagen i AER Komite 1: Økonomisk og regional utvikling.
 - Gunn Marit Helgesen, visepresident i cpmr
- Må få fram ein bodskap til kommisjonen om at arbeidet er interessant for Noreg (nasjonalt og regionalt) gjennom dei nemnde kanalane
- På det stadiet vi er no, vert det anbefalt (uformelt) av Euromontana å konsentrere seg om lobbyverksemd, Vidare føreslår dei 2 aktivitetar som vi kan involvere oss i:
 1. Skrive ope brev frå den norske fjellregiongruppa direkte til Barroso der vi støttar Euromontana si erklæring og framhevar behovet for Grønbok. (Ei sak for politisk forum).
 2. Halde god kontakt med / informere norske styresmakter

Kopling norsk politikk og europeisk arbeid med grønbok

- Ref.: Regjeringa si satsing på fjellområde – invitasjon til å komme med innspel av 6/3 2007. I dette brevet går det fram at sentrale departement allereie har organisert eit samarbeid om fjellregionpolitikk i Norge. Eit spørsmål vert om denne gruppa også vil arbeide med evt grønbokarbeid og evt samarbeide med fylka om dette arbeidet.
- Politisk forum i fjellregionsamarbeidet må syte for at ei god kopling vert førebudd.
- Eventuelt arbeid med grønbok vil krevje friske ressursar (personell/økonomi).

Under arbeidet med Grønbok

Det ideelle er å få i gang ein norsk prosess parallelt med arbeidet med Grønbok. Dersom det vert teke beslutning om å lage Grønbok ser vi føre oss dette:

- Følgje skrivearbeidet tett – etablere ei nasjonal gruppe som samarbeider med dei departementa som arbeider med saka og med Euromontana. Dette arbeidet må finansierast, og det vil vere naturleg å vende seg mot KRD.
 - KRD eller UD er sannsynlege nasjonale koordinatorar – LMD kan kanskje vere aktuell
 - Prøve å kople ESPON/Nordregio på nødvendig analysearbeid (ved hjelp av KRD) Espon lyser ut midlar til hausten
- Prøve å få ein norsk ekspert inn i kommisjonen sitt skrivearbeid (ref.: Karin Refsnes frå NFR var med som nasjonal ekspert i arbeidet med maritim grønboka i EU – etter at skrivearbeidet var ferdig kom ho heim og deltok i det norske høyringsarbeidet). Norsk ”forse” er i tilfelle røyntslene med distriktspolitikk snarare enn røyntskler med fjellregionpolitikk.
- Forventningar til Euromontana:
 - At det vert etablert ei internasjonal ekspertgruppe (få finansiering av 4-5 ekspertar som kan **jobbe parallelt med skrivearbeidet i kommisjonen**)
 - Søknad om finansiell støtte til KRD kan vurderast
- Engasjere norske forskings/ekspertmiljø i det nasjonale arbeidet og internasjonalt.
- Be Euromontana ta initiativ til eit europeisk **prosjekt som handlar om viktige tema for grønboka** (ref.: CPMR tok initiativ til prosjektet ”Europe of the Sea”¹ som gav finansielt grunnlag for fleire ekspertgrupper. Mellom anna hadde Havforskningsinstituttet ein kontrakt med CPMR om å leie arbeid med forskning og innovasjon). Delrapportar frå eit slikt prosjekt må komme i tide slik at funn kan kommuniserast med kommisjonen og dei som skriv Grønboka.
Råd frå Godal / Rød: vurder søknad i høve dei midlane som vert lyste ut gjennom ESPON.

¹ Møre og Romsdal Rogaland m.fl. var med på dette.

Etter at Grønboka er sendt til høyring

Engasjere aktuelle miljø – for vår del fylkeskommunane / Bruke aktuelle arenaer som t.d. regjeringa sit europapolitiske forum

Politisk forum i fjellregionsamarbeidet må lage ein strategi om å få denne høyringsfasen til også å dreie seg om norsk fjellregionpolitikk

Påverke nasjonale styresmakter for å aktivt forhalde seg til Grønboka og få fart på norsk fjellpolitikk.

EU er opne for innspel på eit tidleg tidspunkt, (viss ein har noko vettugt å kome med) og det kan vere lettare å verte høyrd enn t.d. her på berget.

Oppfølgingsarbeid - forslag

- Buskerud involverer Politisk forum
- Lars Hustveit lagar eit notat etter styremøtet i Euromontana 24/5. Viktige spørsmål som vert belyst er:
 - Evt. innspel inn mot Åslaug Haga sitt møte med Danuta Hubner
 - Anna oppfølgingsarbeid

14/5 2007

Lars Hustveit / Tor Gunnar Eriksen

Vedlegg

Draft agenda of the meeting - Euromontana and AEM 24/5 2007

1. Welcome by Euromontana and AEM, Introduction to the importance and potential of the Mountain Green Paper

-Frank Gaskell, President of Euromontana

-Nicolas Evrard, Secretary General of AEM & Olivier Bertrand, a member of the CoR and a member of AEM executive board

2. Round Table of participants views

3. Identification of joint ways of influencing the Commission

4. Preliminary discussion about the priority issues for the Green Paper

5. Way forward

6. Adoption of a joint statement for the Commission, requesting the launching of the Mountain Green paper process

7. Conclusion of the meeting